

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 20.05.2021

Vår ref.: 202105591-4

Arkiv: 312

Dykkar dato:

Dykkar ref.:

Sakshandsamar:

Silje Aakre Solheim

22959544/saas@nve.no

Høyring av søknad om å legge ned dam Storavatn i Øygarden kommune i Vestland

NVE har motteke ein søknad frå A/S Sigba Eiendom, Newco Holding AS, Øygarden kommune og Omya Hustadmarmor AS, datert 12.4.2021, om løyve til å legge ned dam Storavatnet i Øygarden kommune. Søknaden med vedlegg er lagt ut på www.nve.no/konsesjonssaker, og den blir kunngjort av NVE i Bergens Tidende og Vestnytt. Dersom du ønskjer papirutgåve av søknaden kan du ta kontakt med Lars Frydendal på tlf. 90 65 64 93 eller e-post: lars.frydendal@omya.com.

Kva gjer du viss du ønskjer å uttale deg?

Alle som har ei meining om saka, kan sende ein uttale på éin av følgjande måtar:

- via skjema for uttalar, som de finn på internettsidene våre
- via e-post til uttalelse@nve.no (merk e-post med «Høyringsuttale» og saksnummer 202105591 i emnefeltet, og skriv namn og organisasjonsnummer i innleiinga viss du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO

innan **2.7.2021**.

Dersom de har problem med å rekke høyringsfristen på grunn av koronaviruset ber vi om at de snarast tek kontakt med saksbehandlar og søker om utsett høyringsfrist. De kan også finne informasjon om fristar på nettsidene våre: <https://www.nve.no/nytt-fra-nve/andre-nyhetssaker/nves-frister-gjelder-som-normalt-soknader-behandles-enkeltvis/>.

Uttalen eller deler av uttalen vil bli referert i eit endeleg vedtak. Dersom uttalen er lang, er det difor ein fordel om det vert laga eit samandrag som kan brukast til dette.

Informasjon til høyringspartane

Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8 jf. § 41. Vi viser til vedlagt informasjonsark, som forklarar saksbehandlinga frå søknaden blir sendt på høyring og fram til endeleg vedtak. Her står det også kva vi ønskjer tilbakemelding om.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Abels gate 9
7030 TRONDHEIM

Region Nord
Kongens gate 52-54
Capitolgården
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvegen. 1B
6800 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR



Skildring av tiltaket

A/S Sigba Eigedom, Newco Holding AS, Øygarden kommune og Omya Hustadmarmor AS er pålagt vedlikehaldsansvar for dam Storavatnet i Øygarden kommune. Dammen er ikkje i bruk og dei søker difor om å legge den ned i tråd med vassressurslova § 41. Det er planlagt å rive hovuddam og sidedam. Det skal etablerast ein mellombels anleggsveg fram til sidedammen, og denne skal fjernast etter utført nedlegging. Ei nedlegging vil senke vasstanden i magasinet med om lag sju meter.

Alternativet til nedlegging er at ein ny eigar tek over anlegget jf. vassressurslova § 42. Dersom nokon ønskjer å ta over vassdragsanlegget, ber vi om at de kontaktar NVE så snart som mogleg og seinast innan 2.7.2021. Ny eigar vil bli ansvarleg for at dammen oppfyller krav i damsikkerheitsforskrifta. Dammen er foreløpig plassert i konsekvensklasse 3.

Med helsing

Gry Berg
seksjonssjef

Silje Aakre Solheim
seniorrådgjevar

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Mottakerliste:

FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV (FNF)
Norges Miljøvernforbund
STATENS VEGVESEN
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
ØYGARDEN KOMMUNE

Omya Hustadmarmor A/S v/Lars Frydendal